



# Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027

Vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023




Kommunal- og distriktsdepartementet



# Innhald

1	Innleiing . . . . .	4
2	Samordning og samarbeid i planlegginga . . . . .	7
3	Trygge og inkluderande lokalsamfunn . . . . .	12
4	Velferd og berekraftig verdiskaping . . . . .	18
5	Klima, natur og miljø for framtida . . . . .	24
6	Samfunnstryggleik og beredskap . . . . .	30



# Føreord

Noreg er eit godt land å bu i, vi har store natur-gjevne ressursar, teknologi og ein folkesetnad med høg kompetanse. Vi har alle moglegheiter til å lukkast med å løyse samfunnsutfordringar og skape ny vekst og utvikling. Den innsatsen som kommunar og fylkeskommunar legg ned gjennom god planlegging, er avgjerande for å lukkast.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging blir lagde fram i ei tid prega av uvisse. Fylkeskommunane og kommunane vil stå overfor mange vanskelege avvegingar i åra som kjem. Blant anna vil demografiske endringar, med fleire eldre og ein lågare del av folkesetnaden i yrkesaktiv alder, krevje tøffare prioriteringar og betre ressursbruk i det offentlege. Tilgangen på arbeidskraft vil bli mindre, og ein større del av ressursane vil bli bundne opp i å dekkje tenestebehovet.

Regjeringa vil leggje til rette for busetting, næringsutvikling og eit godt tenestetilbod i bygd og by i heile landet. Det er særskilt viktig å sikre at det blir lagd til rette for vekst og utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet.

Regjeringa har ambisiøse mål for klima, miljø og jordvern. Regional og kommunal planlegging er gode verktøy for å utvikle eit meir berekraftig samfunn og til å vege interesser og omsyn mot kvarandre. 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla dekkjer alle samfunnsområde, og kan bidra til gode prioriteringar i usikre tider. Eit viktig prinsipp er at ingen skal utelatast, og dei mest sårbare gruppene må derfor prioriterast i planlegginga. For regjeringa er det sentralt å medverke til sosial og geografisk omfordeling. Parisavtalen om klima og det globale rammever-

ket for naturmangfald er sentrale for å kunne nå berekraftsmåla, og forpliktar til innsats også i fylkeskommunane og kommunane.

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Gode lokalsamfunn er grunnsteinar i ei berekraftig utvikling, og det er viktig å motverke sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod. Levande distrikt er også avgjerande for å sikre matproduksjonen og at jordbruksareala blir haldne i drift.

Regjeringa legg til rette for grøn omstilling og auka berekraftig verdiskaping som gjev lønsame arbeidsplassar i heile landet. Ressursgrunnlaget og kompetansen som finst regionalt og lokalt, er viktige fortrinn når nye og eksisterande næringar skal utviklast. Fylkeskommunane og kommunane har som planstyresmakter og samfunnsutviklarar ei viktig tilretteleggjarrolle. Effektive og gode planprosessar er avgjerande for å lykkast med regjeringa sitt mål om eit grønt industriløft.

Plan- og bygningslova gjev fylkeskommunane og kommunane fleksibilitet til å tilpasse planlegginga til behovet. Regjeringa meiner det er viktig at dette handlingsrommet blir utnytta for å leggje til rette for ønska utvikling, samtidig som planlegginga ikkje blir gjort meir omfattande enn nødvendig.

Sigbjørn Gjelsvik  
Kommunal- og distriktsminister





# 1 Innleiing

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Det går fram av plan- og bygningslova paragraf 3-5 og 6-1. Forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og leggjast til grunn av statlege styresmakter når dei tek del i planprosessane.

## 1.1 Rolla dei nasjonale forventningane har i plansystemet

Dette forventningsdokumentet samlar dei viktigaste prioriteringane regjeringa har på planområdet for den komande fireårsperioden. Føremålet er å etablere eit felles grunnlag for fylkeskommunane, kommunane og statlege styresmakter, slik at planprosessane blir effektive og målretta og at ein unngår unødige motsegner. Forventningsdokumentet er retningsgjevande og formidlar ikkje alle nasjonale mål, oppgåver og interesser som planlegginga skal vareta. Dokumentet må ein derfor sjå i samanheng med aktuelle lover,

forskrifter, meldingar til Stortinget og rundskriv, og det kan ikkje brukast som sjølvstendig grunnlag for motsegn.

Dei nasjonale forventningane gjeld for heile landet og for ulike plansituasjonar. Det er derfor viktig at oppfølginga av den nasjonale politikken blir tilpassa regionale og lokale forhold gjennom gode planprosessar. Planprosessane kan synleggjere motstridande mål og forventningar, men er også ein arena for å samordne og avvege nasjonale, regionale og lokale oppgåver og interesser. Eit godt samarbeid mellom planstyresmakta, andre aktuelle styresmakter og dei som planane vedkjem, er avgjerande for å lykkast med samordningsambisjonane og kome fram til heilskaplege og berekraftige løysingar.

Statlege planretningslinjer og statlege planføresegner konkretiserer dei nasjonale forventningane og markerer nasjonal politikk på viktige område. På nettsida [planlegging.no](https://planlegging.no) finst ei oppdatert oversikt over gjeldande statlege planretningslinjer og Kommunal- og distriktsdepartementet si samla rettleiing for regional og kommunal planlegging.

## 1.2 Planlegginga skal fremje berekraftig utvikling

Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Som samfunnsutviklarar, tenesteytarar og planstyresmakter, er fylkeskommunane og kommunane avgjerande for at vi skal lykkast med å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling i heile landet. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for å nå berekraftsmåla.

Plan- og bygningslova har berekraftig utvikling som hovudføre mål, og har mykje å seie for blant anna jordvern, naturmangfald, klima, kulturmiljø og samfunnsutvikling. Lova skal sikre demokratiske planprosessar og at ein ser oppgåver og interesser i samheng gjennom samarbeid mellom aktuelle styresmakter, næringsliv, sivilsamfunnet og innbyggjarane. Ved å innlemme arbeidet med berekraftsmåla i samfunns-, areal-

og økonomiplanlegginga, blir arbeidet kopla til dei viktigaste politiske avgjerdsprosessane, og ein sikrar at arbeidet kan gjennomførast effektivt.

Forventningane i dette dokumentet gjev retning for korleis berekraftsmåla kan følgjast opp, men dekkjer ikkje alle områda der den regionale og kommunale planlegginga kan bidra. Det er derfor viktig at planprosessane blir brukte for å drøfte korleis berekraftsmåla kan følgjast opp ut frå dei utfordringane og moglegheitene som er mest aktuelle lokalt og regionalt. Planprosessane er også viktige for å forankre berekraftsarbeidet i samfunnet, handtere målkonfliktar og for å utforske nye arbeidsmetodar og løysingar som bidreg til å nå måla.

## 1.3 Viktige planutfordringar framover

Noreg har gode føresetnader for å nå mange av berekraftsmåla innan 2030. Vi har likevel utfordringar med å nå måla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap. Dette er utfordringar som fylkeskommunane og kommunane må bidra til å løyse gjennom planlegginga. I tillegg møter kommunane andre store samfunnsutfordringar, blant anna som følgje av ein aldrande folkesetnad med venteleg større omsorgsbehov og mangel på arbeidskraft innan ulike tenesteområde i kommunane. For å nå berekraftsmåla må desse samfunnsutfordringane løysast, og vi må tilpasse oss eit klima i endring som vil påverke naturen og store delar av samfunnet. Raske endringar og omveltingar, som auka behov for busetjing av flyktningar, kan også gje behov for større grad av beredskap og fleksibilitet i planlegginga.

Målet er ein politikk tilpassa regionale og lokale forhold, og slik at det kan leggjast til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet. Sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod, er ikkje berekraftig. Alle kommunane skal ha moglegheit til å utvikle små og store lokalsamfunn. Særleg i dei områda der folketalet går ned eller står stille, må det vere monaleg større vekt på dei lokale vurderingane og prioriteringane.

Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane bidreg til å fremje verdiskaping, nødvendig omstilling av økonomien, sikre busetjing i heile landet, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss eit klima i endring, vareta natur, viktige friluftsområde og kulturmiljø, effektivisere energibruken, tilby likeverdige tenester, handtere demografiske endringar, motverke mangel på kompetanse og arbeidskraft og sikre gode, likestilte og trygge lokalsamfunn. Det er samtidig viktig at fylkeskommunane og kommunane bidreg til gode rammevilkår for privat næringsliv og frivillig sektor. Løysingar og samarbeidsformer som legg til rette for effektiv ressursbruk, og bidreg til å byggje opp under dei overordna målsetjingane for samfunnsutviklinga, skal prioriterast.

Det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld kva utfordringar dei står overfor, og det er kommunane sjølv som er best i stand til å vurdere kva planar det er størst trong for i deira kommune. Det kommunale folkestyret gjev rom

for skreddarsydde løysingar for kvart enkelt lokalsamfunn.

#### **1.4 Oppbygninga av dette forventningsdokumentet**

2030-agendaen har fem overordna perspektiv, som er valt som utgangspunkt for kapittelinnstillinga i dette forventningsdokumentet. Dette er sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap og samarbeid for å nå måla. Dei mest aktuelle berekraftsmåla blir framheva i kapittelinnleiingane. Føremålet er å vise samanhengen mellom berekraftsmåla, den nasjonale politikken og regional og kommunal planlegging.

I kvart av dei fem kapitla framhevar vi regjeringa sine prioriteringar for korleis aktuelle utfordringar på området kan møtast gjennom den regionale og kommunale samfunns- og arealplanlegginga. Kvart kapittel endar opp i konkrete forventningspunkt. Forventningspunktta må ein sjå i samanheng, også på tvers av kapitla.





## 2 Samordning og samarbeid i planlegginga

Regional og kommunal planlegging er det viktigaste styringsverktøyet fylkeskommunane og kommunane har for ei berekraftig samfunnsutvikling basert på lokalt folkestyre. Regjeringa meiner det er viktig at det i samfunns- og arealplanlegginga blir lagt til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Dei overordna planane skal peike ut retning for samfunnsutviklinga, bidra til at ein når berekraftsmåla, og samordne oppgåver og omsyn som er

viktige for å få til dette. Oppdaterte planar er nødvendige for å ta tak i aktuelle utfordringar og for å sikre at nasjonale rammer og mål blir følgde opp. Planprosessar som er opne og involverande, gjev legitimitet til vedtekne planar. Det er samtidig viktig at planane er realistiske og legg til rette for effektiv ressursbruk i det offentlege og for private. Dette krev ei tett kopling mellom overordna planlegging og økonomiplanlegging.



## 2.1 Oppdaterte planar

Oppdaterte planar er nødvendige for å få til ei berekraftig samfunns- og arealutvikling og for å gjennomføre lokal, regional og nasjonal politikk. Fylkeskommunane og kommunane skal vurdere planbehovet i byrjinga av kvar valperiode gjennom regional og kommunal planstrategi. Føremålet er å prioritere planoppgåvene og sikre politisk styring med planlegginga, slik at ho er tilpassa behovet og ikkje blir gjort meir omfattande enn nødvendig. Behovet for nye eller oppdaterte planar blir vurder- te i lys av samfunnsutviklinga, ny kunnskap, statlege planretningslinjer og dei nasjonale forventningane.

Regional planstrategi og samfunnsdelen i kom- muneplanen er dei viktigaste dokumenta for å avklare korleis berekraftsmåla skal følgjast opp i vidare planarbeid, oppgåveløysing og økonomi- planlegging. Det er viktig at statlege styresmak- ter bidreg med nødvendig kunnskap om korleis eigne sektorområde kan sjåast i samanheng med berekraftsmåla.

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal gje strate- gisk retning for både utvikling av kommunen som samfunn og som organisasjon. Samfunnsdelen bør leggje til rette for eit godt samspel mellom dei ulike samfunns- og tenesteområda i kommunen og med sivilsamfunnet og privat næringsliv. Dette kan bidra til innovasjon og at ressursane i kom- munen kan utnyttast effektivt.

Ein arealstrategi i samfunnsdelen er viktig for å klargjere kommunestyret sin langsiktige arealpo- litikk og korleis nasjonale og regionale føringar og mål skal følgjast opp. Når arealstrategien blir lagd til grunn for revisjon av arealdelen i kom- muneplanen, bidreg dette til at ein ser areal- og samfunnsutviklinga i samanheng. Samfunnsdelen skal følgjast opp i planlegginga i sektorane og i økonomiplanlegginga. For å styrkje oppfølginga av samfunnsdelen, kan handlingsdelen i kommu- neplanen slåast saman med økonomiplanen.

Fylkeskommunane skal gjennom regional plan- legging samordne oppgåver og interesser i regi- onen, setje aktuelle problemstillingar på dagsor- denen, og stø opp under utviklinga i kommunane. Regional planstrategi gjev retning til fylkeskom- munen si samfunnsutviklarrolle. Regionale planar er viktige for å sikre ei heilskapleg forvaltning og utvikling i regionane innanfor tema som går på tvers av kommunegrensene. Regionale planar må utarbeidast i tett samarbeid med kommunane for å sikre god forankring og ei felles forståing av korleis planane skal følgjast opp.

## 2.2 Effektive og involverande planprosessar

Effektive planprosessar er viktig for å sikre til- strekkeleg bustadbygging, næringsutvikling og for å leggje til rette for det grønne skiftet. Effektiv planlegging sikrar ein ved at avgjerdene blir tekne på det mest føremålstenlege plannivået og med ein detaljeringsgrad som er tilpassa behovet. Fleksibiliteten i plansystemet og opningane for parallell sakshandsaming kan utnyttast betre. Eit aktivt samarbeid mellom kommunen og private framleggsstillarar bidreg til betre kvalitet på priva- te planframlegg og meir effektiv saksgang. Føre- setnadene for planarbeidet må avklarast reelt og tidleg. Eit godt samarbeid med utbyggjarar om ut- byggingsavtalar og finansiering av felles infrastruk- tur bidreg til effektiv gjennomføring av planar.

Digital teknologi gjev rom for nye tenester og arbeidsmåtar som gjev gevinstar både for inn- byggjarar, næringsliv og kommunesektoren. Digitaliseringa opnar blant anna for nye måtar å samhandle på, som bør takast i bruk for å betre og effektivisere planprosessane. Dei fleste kom- munar har alt etablert digitale planregister og teke i bruk digitale løysingar for medverknad.

Planprosessane skal vere opne og kunne etter- prøvast, og alle interesser skal ha høve til å bli høyrde. Det skal aktivt leggjast til rette for med- verknad frå innbyggjarar, næringsliv, sivilsamfun- net og andre som planen vedkjem. Tidleg invol- vering bidreg til betre planar, færre konflikter og effektiv gjennomføring av planane. Kommunane skal sjå til at det blir lagt til rette for medverknad





også i private planframlegg. Kommunane har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, som personar med funksjonsnedsetjingar, barn og unge og ikkje-digitale brukarar. For grupper og interesser som ikkje kan delta direkte, må framleggsstillaren og planstyresmakta finne andre måtar som sikrar god medverknad, til dømes gjennom fylkeskommunale og kommunale råd eller brukarorganisasjonar.

Den samiske folkesetnaden og nasjonale minoritetar skal gjevast høve til å delta og påverke i saker som gjeld dei. Samelova inneheld ei særskilt plikt til å konsultere Sametinget og andre samiske interesser, som bygdela, reinbeitedistrikt og lokale organisasjonar. Motsegnretten Sametinget har i plansaker, varetek konsultasjonsplikta i desse sakene. Plikta til å tilby konsultasjon til lokale samiske interesser gjeld uavhengig av motsegnretten til

Sametinget, og i tillegg til medverknadsføresegne i plan- og bygningslova. Medverknad etter plan- og bygningslova skal starte så tidleg som mogleg i prosessen.

Planverktøya er også viktige for å leggje til rette for utvikling av samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv, medrekna å ta vare på og styrkje samiske språk. Der det er relevant, må kommunane planleggje godt for rekruttering og etterutdanning av språkkompetent personell. I forvaltingsområdet for samiske språk bør utfordringane for samiske språk drøftast i samband med regional og kommunal planstrategi.

### **2.3 Kunnskapsbasert planlegging, kompetanse og kvalitet**

Samfunns- og arealplanlegginga må byggje på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag for å leggje grunnlag for reelle strategiske drøftingar, inter-

esseavklaringar og gode løysingar. Det offentlege kartgrunnlaget skal brukast i planlegginga, og det er viktig at kommunane, fylkeskommunane og statlege etatar deler data i den nasjonale infrastrukturen og samarbeider om å styrkje kartgrunnlaget.

I alle arealplanar skal det gjerast greie for verkna-dene av framlegga i form av ein planomtale, eller ei konsekvensutgreiing for planar som har krav om dette etter forskrift om konsekvensutgreiingar. Vurdering av alternativ og samla verknader av framlegga i planen skal inngå i arbeidet med konsekvensutgreiingar. God oversikt over arealutviklinga vil vere eit viktig grunnlag for å utarbeide arealrekneskap til bruk i planlegginga. Medverk-nad frå dei som lever og verkar i området, er nød-vendig for å få fram lokalkunnskap og erfaringsba-sert kunnskap som ein del av avgjerdsgrunnlaget.

Fylkeskommunane skal rettleie og hjelpe kommu-nane i samfunns- og arealplanlegginga. Det kan blant anna innebere å byggje eit regionalt kunns-kapsgrunnlag for å vurdere regionale utfordrin-gar og for å skape felles forståing av utfordringar og løysingar. Eit slikt arbeid bør gjerast i samar-beid med kommunane, slik at kunnskapsgrunn-laget blir tilpassa behova deira. Det er også viktig at statlege styresmakter bidreg med oppdatert kunnskap på fagområda sine ved å delta i plan-prosessane, i form av generell planretteiing og ved å leggje til rette og kvalitetssikre data.

Kommunane blir oppfordra til samarbeid gjen-nom interkommunale plankontor og andre former for interkommunalt plansamarbeid for å styrkje kapasiteten og kompetansen til å drive samfunnsutvikling. Interkommunale planar kan gje betre løysingar på planspørsmål som går på tvers av kommunegrensene, og bidra til deling av kunnskap og erfaringar. Fylkeskommunane og statsforvaltarane bør leggje særleg vekt på å hjelpe kommunar som manglar tilstrekkeleg kom-petanse og kapasitet til planlegging, slik at dei får

løyst planoppgåvene på ein føremålstenleg måte. Regionale plannettverk er eit viktig tiltak for kom-petanseutvikling i kommunane.

## 2.4 God samordning mellom styresmaktene

Tidleg involvering legg grunnlag for eit godt sam-arbeid og er ein nøkkel til å styrkje samordninga i planprosessane. Planstyresmakta har ansvar for å leggje til rette for tidleg dialog med aktuelle styresmakter, og sektorstyresmaktene skal leggje fram viktige interesser så tidleg og tydeleg som råd. Dette skal bidra til at avklaringane blir gjorde tidleg i planprosessane og at eventuelle konflikter blir løyste på lokalt nivå. I saker som krev vedtak både etter plan- og bygningslova og sektorlover, er det viktig at statlege styresmakter, fylkeskom-munar og kommunar samarbeider om ei effektiv og samordna sakshandsaming.

Alle fylkeskommunane har etablert regionale planforum som blir brukte for å avklare og sam-ordne interesser i plansaker. Målretta bruk av planforum vil vere eit verktøy for meir effektiv planlegging i nasjonalt og regionalt viktige saker. Dette føreset at både kommunane, fylkeskommu-nane, statlege styresmakter og Sametinget bidreg aktivt.

Omsynet til lokaldemokratiet skal leggjast vekt på, men kommunane har ansvar for at også nasjona-le og regionale interesser blir varetekne. Mogleg-heita til å fremje motsegn skal sikre at kommu-nane ikkje vedtek planar som er i strid med slike interesser.

Statsforvaltarane har fått i oppgåve å samordne statlege motsegner. Dette skal sikre at motseg-ner er tilstrekkeleg grunngevrne og at motstri-dande motsegner ikkje blir fremja for kommu-nen. Det er viktig at ordninga blir praktisert på ein måte som er open og føreseieleg og sikrar effektive prosessar.



## Regjeringa sine forventningar

1. Berekraftsmåla, nasjonale klima- og miljømål, lokalt folkestyre og løysingar som styrkar verdiskaping og busetnad i heile landet, blir lagde til grunn for den overordna samfunns- og arealplanlegginga og for staten si deltaking i planprosessane.
2. Arbeidet med planstrategiar blir prioritert for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgjevne forhold.
3. Regionale planverktøy og samfunnsdelen i kommuneplanen blir brukte for å gje strategisk retning til samfunnsutviklinga og blir utarbeidde i samspel med innbyggjarane, sivilsamfunnet, næringslivet og andre offentlege aktørar. Vedtekne mål og strategiar blir følgde opp i økonomiplanlegginga og i planane elles.
4. Ein langsiktig arealstrategi inngår som del av samfunnsdelen i kommuneplanen, og blir lagd til grunn for arealdelen i kommuneplanen.
5. Kostnadseffektivitet for private og offentlege aktørar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå blir lagd vekt på i planlegginga.
6. Opningane i plan- og bygningslova for å effektivisere og forenkle planlegginga blir tekne i bruk. Overordna planar blir haldne oppdaterte, ein unngår fleire plannivå enn nødvendig og tilpassar detaljeringsgraden i planar og utgreiingar til behovet.
7. Private reguleringsplanforslag blir behandla effektivt, og det blir sikra god plankvalitet gjennom ein aktiv dialog med framleggsstillar undervegs i planprosessen.
8. Det blir lagt til rette for medverknad og involvering av aktuelle partar og interesser tidleg i planprosessane, også i private planframlegg. Digitale medverknadsløysingar blir tekne i bruk. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, eller som ikkje kan nytte digitale løysingar, blir sikra høve til medverknad på annan måte.
9. Den samiske folkesetnaden og nasjonale minoritetar blir sikra høve til å delta i planprosessar som vedkjem dei. Det blir gjennomført konsultasjon med samiske interesser som planforslaget rører ved.
10. Det blir lagt til rette for å styrkje samisk kultur, nærings- og samfunnsliv og samiske språk gjennom planlegginga.
11. I forvaltingsområdet for samiske språk bør utfordringane for samiske språk drøftast i samband med regional og kommunal planstrategi.
12. Dei digitale planregistera blir haldne oppdaterte. Det blir lagt til rette for enkel tilgang til plandata i digitalt planregister, og til temadata i det offentlege kartgrunnlaget.
13. Ei eByggjesaksløysing blir teken i bruk for å sikre effektiv og fulldigital saksbehandling av byggjesøknader.
14. Styresmakter det vedkjem, gjev tidlege og tydelege signal om viktige interesser og omsyn i kommunale planprosessar. Statlege motsegner skal bli færre og samordnast betre. Moglegheita til å fremje motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtek planar som er i strid med nasjonale eller vesentlege regionale interesser, eller andre omsyn skildra i plan- og bygningslova § 5-4.
15. Regionalt planforum blir aktivt brukt som grunnlag for å avklare og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i aktuelle plansaker.
16. Effektive avgjerdsprosessar blir sikra gjennom god samordning mellom vedtak etter plan- og bygningslova og sektorlover.
17. Samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag. Kommunane bør utarbeide ein arealrekneskap som del av eit slikt kunnskapsgrunnlag.
18. I konsekvensutgreiingar skal alternativ, samla verknader av føreslegen arealbruk og sumverknader vurderast.



### 3 Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Noreg er variert og mangfaldig, og dette mangfaldet er verdifullt. Regjeringa er oppteken av at fylkeskommunane og kommunane i planlegginga legg til rette for trygge og inkluderande lokalsamfunn i heile landet. Eit sosialt berekraftig samfunn føreset at vi lykkast med å utvikle store og små byar, større og mindre tettstader og spreiddbygde strøk, slik at det er godt å bu, leve og arbeide der.

Samfunns- og arealplanlegginga skal sikre fysiske omgjevnader og sosiale arenaer som er varierte, inkluderande og varige, med tilgang til nødvendige tenester for alle delar av folkesetnaden. Gode lokalsamfunn og nabolag i by og bygd gjev grunnlag for stabile bumiljø og livskvalitet i ulike fasar av livet. Attraktive og godt planlagde omgjevnader, tilgang til natur og varierte tilbud og møteplassar er viktig for identitet, folkehelse, og miljø.





### 3.1 Levande byar, tettstader og bygder

Regional og kommunal planlegging kan bidra til at velferda i samfunnet blir styrkt og at det blir lagt til rette for eit mangfald av valalternativ. Byar og tettstader med eit mangfaldig tilbod av arbeidsplassar, kulturtilbod, service og tenester er viktig for både innbyggjarar lokalt, pendlarar og besøkjande. Gjennom planlegginga kan det leggjast til rette for at areala i heile kommunen kan utviklast ut frå lokale føresetnader og behov. Busetjing i små lokalsamfunn, bygder og grender er viktig for at folka der skal kunne ha gode utsikter til å halde sosiale og kulturelle relasjonar ved lag, ha nærleik til natur og store friluftsområde, og for god forvaltning av våre rike, fornybare naturressursar for dagens og komande generasjonar.

Når kommunen ønskjer å utvikle store eller små lokalsenter, er det viktig at særpreg og fellesareal blir varetekne og at ein tilpassar høgder og tettleik til staden. I sentera kan fortetting gje ein meir føremålstenleg arealbruk og sentrumsområde som fungerer betre for alle innbyggjarane i kommunen. Bygg som rommar fleire funksjonar, gjev rom for eit større mangfald av aktivitetar i både byar og i mindre lokalsamfunn. Eit breitt tilbod av aktivitetar og verksemder kan gjere dei sentrale delane av kommunen eller bydelen meir attraktive både på dagtid og om kvelden. Samlokalisering av ulike offentlege og private funksjonar og aktivitetar kan gjere det meir attraktivt å investere, og dermed bidra til utvikling av gode og stabile lokalsamfunn. Det er viktig at sentrumsområda blir utvikla i eit langsiktig samarbeid mellom kommunen og private aktørar, og med involvering av innbyggjarane og sivil sektor.

Fylkeskommunane har ansvar for å hjelpe kommunane med kunnskapsgrunnlag og rettleiing som står opp under målet om attraktive byar og

tettstader som samspeler godt med omlanda sine.

### 3.2 Nok og varierte bustader

I pressområde gjer høge bustadprisar og sterk prisvekst det vanskeleg for mange folkesetnadsgrupper å skaffe seg ein eigna bustad. Dette gjeld også i område som har hatt høg byggjeaktivitet. I mange distriktskommunar er derimot bustadmarknadene usikre og prega av liten aktivitet. Desse områda har ofte få utleigebustader. Låge bustadprisar og svak prisvekst kan gjere at bustadmassen blir sakte fornya, på grunn av lite bustadbygging og manglande oppgradering av eksisterande bustader. Mangel på eigna bustader kan også hindre rekruttering til både privat og offentleg sektor.

For å møte den forventede veksten i husstandar og dei bustadbehova som følgjer av at ein større del av folkesetnaden blir eldre, vekst i næringsetableringar og utvikling av distrikta, er det mange stader behov for god planlegging og auka fart i bustadbygginga. Den einsskilde kommunen må vurdere kva behov som eksisterer i kommunen sin. Det er viktig at barn og unge har gode buforhold, at unge kan etablere seg på bustadmarknaden, at tilflyttande arbeidstakarar har ein stad å bu, og at eldre og personar med nedsett funksjonsevne har tilgang på eigna bustader med universell utforming. Eit godt og variert bustadtilbod kan også førebyggje at fleire blir vanskelegstilte på bustadmarknaden og motverke segregering.

Utbygging av tilpassa bustader for eldre, med fysisk nærleik til viktige funksjonar og tenester, kan gjere det enklare og meir attraktivt for eldre å bli buande lenger i eigen bustad. Dette kan redusere behovet for kommunale omsorgsbustader og institusjonsplassar, samtidig som ein frigjer einestader til yngre innbyggjarar og gjev ein meir velfungerande bustadmarknad i kommunen. Flest moglege tenester bør lokalisast slik at dei kan tilbydast utan særleg behov for transport. Då kan eldre i større grad sjølv gå til tenestene, noko som også vil bidra til at dei er fysisk aktive og har sosial omgang der tenestene blir tilbydde. Nærleik mellom heimebuande seniorar og

tenestetilbodet vil forhindre at verdifulle arbeidskraftressursar blir brukte til transport, noko som reduserer kostnader og gjev miljøgevinstar. Det er også meir sannsynleg at private og ideelle verksemdar ønskjer å etablere attraktive tilbod retta mot ein eldre folkesetnad, dersom desse bur nær kvarandre.

Regional planlegging er viktig for at regionen som heilskap kan leggje til rette for tilstrekkeleg bustadbygging og eit effektivt transportsystem både i byar, tettstader og spreiddbygde område. Den kommunale planlegginga skal følgje opp dei regionale planane, og sikre god tilgang på regulerte tomter, ut frå kunnskap om folkesetnadsutvikling og bustadkjøpekraft. Samarbeid og dialog mellom kommunar kan gjere det lettare å vurdere korleis dei kan bidra til at regionen samla sett legg til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging. Det er også viktig at kommunane tek ei aktiv rolle i å bidra til at bustadbygginga kan gjennomførast.

For å styrkje den sosiale berekrafta er det viktig at bustader blir bygde med gode kvalitetar, og at bustadtilbodet er variert nok til å dekkje ulike behov i folkesetnaden og bidreg til mangfaldige nabolag. Det er behov for å byggje bustader i ulike nærmiljø, av ulik type og storleik, og både sjøiveigar- og utleigebustader. Til dømes kan bustadkjøpsmodellar som leige-til-eige, utleigebustader og burettslagsbustader gje auka variasjon. Ved å integrere bustadsosiale omsyn i samfunns- og arealplanlegginga, kan kommunane bidra til gode butilbod for vanskelegstilte og til at fleire kan eige eigen bustad.

### **3.3 Gode fysiske rammer for kvardagslivet**

Dei fysiske omgjevnadene påverkar åtferda og opplevingane våre, og arealplanlegginga er viktig for at lokalsamfunn i heile landet skal vere gode å bu og leve i. Kommunane har ansvar for å sikre kvalitet i dei bygde omgjevnadene i alle arealplanar og byggjeprojekt. Val som blir gjorde her, vil blant anna leggje grunnlaget for trivsel, klimagassutslepp og energibruk i lang tid framover og påverkar evna til å handtere klimaendringar. Større vekt på arkitektonisk kvalitet i utforming av

bygg og uteareal kan gje meir funksjonelle løysingar som bidreg til auka berekraft, verdiskaping og trivsel. I dialogen mellom kommunar og utbyggjarar er det eit viktig tema korleis arkitekturen kan bidra til gode bumiljø, folkehelse, og at ein når klima- og miljømåla.

Den generelle standarden på bustader og uteområde i Noreg er høg, og mange har god tilgang til natur, grøntområde og offentlege rom. Samtidig er det ulikskapar i kva tilgang folk har til grøntområde. Koronapandemien har vist kor viktig det er med tilgang både på grønne areal og gode nabolag som gjev opning for fellesskap og aktivitet. I ein-skilde område og prosjekt tek ein likevel for lite omsyn til lokal byggeskikk og estetikk. Bygningsmassen er lite variert, naturområde blir bygde ned og uteområda etablerte og lagde til rette med for låg kvalitet. Kommunane har ansvar for å sikre lokale ambisjonar for arkitektur og byggeskikk i planar og byggjeprojekt.

### **3.4 Natur- og kulturmiljø som ressurs**

Klimaendringar og endringar i arealbruk legg press på både natur- og kulturmiljø. Arealplanlegging som tek vare på natur, er viktig for naturmangfald og økosystem, opptak og lagring av karbon, handtering av overvatn, lokalklima, forureining, friluftsliv, helse og trivsel og ei rekkje andre økosystemtenester. Samanhengande grønstukturar bidreg til å vareta desse funksjonane, og gjev opning for naturopplevingar, rekreasjon og friluftsliv i nærmiljøet.

Kulturmiljø er kjelder til kunnskap om Noregs historie, og om eit mangfaldig samspel mellom natur, klima og menneske sine liv og virke i heile landet. Kulturmiljø kan brukast som ressurs i samfunnsutviklinga, og bidra til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Framleis bruk, gjenbruk og transformasjon av historiske bygningar og bygningsmiljø kan bidra til trivsel og attraktivitet på både store og små stader. Kulturmiljø kan også leggjast til rette slik at ein stimulerer til friluftsliv og fysisk aktivitet. Fylkeskommunane og kommunane har ei sentral rolle i å vareta eit mangfald av kulturmiljø gjennom samfunns- og arealplanlegginga.



### 3.5 Betre levekår og folkehelse

Sjølv om det er små skilnader i levekår i Noreg samanlikna med andre land, aukar ulikskapane. Delen av innbyggjarane som lever med vedvarande låginntekt, har også auka. Nokre byområde har fått ein sterkare konsentrasjon av innbyggjarar med låge inntekter og levekårsutfordringar, og einskilde område har hatt ei negativ utvikling. Også i spreiddbygde strøk er det stor variasjon i delen innbyggjarar med låge inntekter og levekårsutfordringar. For mange barn, ungdomar og unge vaksne i både by- og landkommunar står utanfor skule, utdanning og arbeidsliv.

Samfunns- og arealplanlegging, bustadpolitiske verkemiddel, bustadbygging og offentlege tenester kan bidra til å motverke at økonomisk ulikskap gjev opphoping av levekårsutfordringar. God planlegging kan også bidra til å sikre ein likestilt og rettferdig tilgang til offentlege gode. Viktige tiltak er å sikre variasjon i bustadtilbod innanfor buområda og å utjamne skilnader mellom buområde. Nybygging og utbetring av buområde og nabolag kan bidra til betre bu- og nærmiljø.

Det er viktig at kommunane bruker planlegginga aktivt for å sikre likestilt tilgang til kultur- og fritidstilbod, grøntområde, parkar og gode transportsamband. Friluftaktivitetar bidreg til betre folkehelse, og for å oppnå høg friluftslivsdeltaking i alle grupper av folkesetnaden bør kommunane planleggje for eit variert nettverk av turstiar og turveggar. Det er også viktig å sikre at folkesetnaden ikkje blir utsett for forureining, dårleg luftkvalitet og støy. Planlegginga bør sikre at ny utbygging ikkje fører til at eksisterande bygningar blir utsett for støy og forureining over grenseverdiane.

Helsetilstanden i folkesetnaden er generelt god, men det er aukande sosiale helseskilnader og vi beveger oss for lite. Aktivitetsnivået varierer gjennom livsløpet og mellom kjønn og sosiale grupper. Dei fleste barn er fysisk aktive, men utviklinga går i feil retning. Berre halvparten av 15-åringane er tilstrekkeleg fysisk aktive, og nedgangen startar alt ved niårsalder. Tilrettelegging for fysisk aktivitet er nasjonale omsyn som skal varetakast i planlegging-

ga. God tilgang til nære naturområde har vist seg særleg viktig i arbeidet med å bidra til auka fysisk aktivitet. Slike område bidreg også til god folkehelse gjennom naturopplevingar.

Samfunns- og arealplanlegginga kan bidra til betre folkehelse. I spreiddbygde område har ein ofte nær tilgang til natur og friluftsområde, med gode moglegheiter til utfalding og fysisk aktivitet i kvardagen. I tettbygde område er det viktig å redusere helseskadeleg støy og luftforureining og samtidig leggje til rette for at fleire kan gå og sykle ved daglege gjeremål, til og frå arbeid, skule og fritidsaktivitetar. Gå- og aktivitetsvenlege lokalsamfunn og nabolag fremjar fysisk og psykisk helse og livskvalitet. Personar med funksjonsnedsetjing møter framleis barrierar som hindrar likeverdig sjanse til aktivitet og deltaking. Universtell utforming skal leggje til rette for deltaking, likestilling og likeverd.

Folkehelselova pålegg kommunen å leggje til rette for samarbeid med frivillig sektor i planlegginga. Frivilligheita utfører ei rekkje viktige samfunnsoppgåver, stør opp om det offentlege tenestetilbodet og bidreg til levande lokalsamfunn.

### 3.6 Varierte møteplassar og tilbod

I både store og små byar og tettstader er det viktig å sikre møteplassar og fellesarenaer. Mykje av utbygginga skjer som fortetting og transformasjon, og det er viktig å halde uteområde med kvalitet ved lag. Gater, plassar, fellesareal, parkar, grøntområde, parsellhagar, skulehagar og gang- og sykelsamband er viktig infrastruktur for både fysisk aktivitet, dyrking av mat og fellesskap. Kommunane har eit særleg ansvar for å sikre lett tilgjengelege areal til opphald og aktivitet for barn og unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Urbant landbruk kan styrkje både sosial og økologisk berekraft i lokalsamfunn og nabolag.

Barn og unge oppheld seg store delar av dagen i barnehagen eller på skulen. Gode og trygge uteområde er viktig og kan bidra til meir likeverdige oppvekstsvilkår. Uteområde fungerer ofte som ein ressurs i nærmiljøa etter opningstid. Lokalisering og areal for barnehagar og skular har stor



innverknad på høvet til å sikre gode og trygge uteområde, og det er viktig at arealbehov blir spelt inn tidleg i planprosessar.

Eit variert og inkluderande kulturliv bidreg til å skape levande lokalsamfunn og eit godt liv for den einkilde. Kunst og kultur, idrett og andre frivilligarener bidreg til sosiale fellesskap og gjer lokalsamfunn meir attraktive. Det er viktig at det i planlegginga blir sett av tilstrekkelege areal for kulturutøving, idrett og anna frivillig aktivitet, og

at ein ser desse behova i samanheng. Frivilligheita har behov for tilgang til kommunale og fylkeskommunale bygg, og både profesjonelt og frivillig kulturliv har behov for eigna lokale til kulturaktivitet. Idrettsaktivitet i lokalsamfunna føreset utbygging av idrettsanlegg til både organisert idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet. Vurdering av sambruk, fleirbruk og planlegging, oppgradering og utvikling av lokale for frivillig aktivitet er ein føresetnad for varierte møteplassar og tilbod lokalt.



## Regjeringa sine forventningar

19. Det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstader og spreiddbygde område med tilgang til bustader og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov.
20. I byar og tettstader lokaliserer ein bustader, næringsverksemd, arbeidsplassar, handel og tenestetilbod slik at dei bidreg til å styrkje attraktiviteten til stadene og byggjer opp under sentrumsfunksjonane. Sentrumsområda blir utvikla og følgde opp i samarbeid med private aktørar og innbyggjarane.
21. Det blir lagt til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane i tråd med lokale og regionale behov. Bustadbygginga bør bidra til gode og varierte bustadtilbod og bumiljø for alle.
22. Det blir lagt til rette for bustadtilbod for vanskelegstilte i ulike delar av kommunen. Eigaretablering for vanskelegstilte blir lagd vekt på.
23. Det blir lagt til rette for at eldre som ønskjer det, kan bli buande lenger i eigen bustad. Kommunane ser utviklinga i helse- og omsorgstenester i samheng med bustadplanlegging og den langsiktige økonomien til kommunen.
24. Kommunane bruker arkitektur som eit verktøy i samfunnsutviklinga og definerer lokale ambisjonar for arkitektur og byggjeskikk. Særpreg, kulturmiljø og viktige landskapstrekk ved stadene blir lagde vekt på i by- og stadutvikling.
25. Det blir sett av tilstrekkelege areal av god kvalitet til grønstruktur, uterom og møteplassar som stimulerer til fysisk aktivitet, naturoppleving og sosialt fellesskap, samtidig som byar og tettstader blir utvikla gjennom fortetting og transformasjon.
26. Sykling og gåing og kollektivtrafikk blir prioriterte i byar og tettstader gjennom planlegging av heilskapleg infrastruktur som er samanhengande, tilgjengeleg, attraktiv og trygg. I arbeidet med byvekstavtalar i dei store byane skal hovudtyngda av vekst i bustader og arbeidsplassar kome i eller i nærleiken av større knutepunkt for å byggje opp under nullvekstmålet, med dei tilpassingar som følgjer av den enkelte avtalen.
27. Det blir lagt til rette for trygge skulevegar og aktivitetsvenlege nærmiljø med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper. Deltaking i samfunnet for flest mogleg blir sikra gjennom universell utforming av nye bygningar og uteområde.
28. Ved planlegging av barnehagar og skular blir lokalisering og arealbehov vurdert tidleg i planprosessane i samarbeid med relevante aktørar.
29. Samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamne skilnader, førebyggje levekårsutfordringar og sikre ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.
30. Det blir lagt til rette for kultur, kunst, idrett og frivilligheit i planlegginga og sett av tilstrekkelege areal til kultur- og idrettsføre mål.



## 4 Velferd og berekraftig verdiskaping

Velferd og verdiskaping for framtida må utviklast innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å leggje til rette for grøne næringar og overgangen til ein meir sirkulær økonomi, sikre god infrastruktur og bidra til omstilling i offentleg sektor. Heilskapleg planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringar som landbruk, reindrift, fiskeri og reiseliv.

Eit berekraftig velferdssamfunn med levande distrikt er avhengig av at det blir skapt verdiar i heile landet. Gode rammevilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv er sentralt. Fylkeskommunane og kommunane kan gjennom si planlegging og kunnskap om regionale og lokale føresetnader og fortrinn gje eit viktig bidrag til å stimulere berekraftig næringsutvikling i heile breidda av næringslivet, og dermed bidra til å leggje til rette for vekstkraftige regionar og lokalsamfunn.





#### 4.1 Leggje til rette for grønne industrinæringar

Grøn omstilling i næringslivet gjer det mogleg å fornye eksisterande næringar og etablere nye næringar. Utvikling innan fangst og lagring av karbon, fornybar energi, energigjenvinning, hydrogen, batteri, grøn skipsfart og landtransport, prosessindustri, skog- og trenæring og akvakultur bidreg til omstilling. Dette er næringar som er viktige for å skape fleire lønsame arbeidsplassar og for å auke den samla verdiskapinga og eksportinntektene. Regional og kommunal planlegging er viktig for å leggje til rette for grøn næringsutvikling i heile landet.

God tilgang på rein og fornybar kraft har vore eit konkurransefortrinn for norsk industri, og vil i framtida vere viktig for å nå klimamåla og dei næringspolitiske måla. Det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn. Fylkeskommunane og kommunane bør gjennom planlegginga bidra til at det blir lagt til rette for meir fornybar energiproduksjon. Dette gjeld særleg i område med planar om kraftkrevjande næringsutvikling. Fylkeskommunane og kommunane bør også leggje til rette for effektiv og fleksibel energibruk, medrekna utnytting av overskotsenergi frå industrien. Effektiv og fleksibel energibruk vil kunne frigjere energi og nettkapasitet til andre føremål, og bidra til å dempe behovet for meir utbygging.

Regional planlegging skal gje strategisk retning til næringspolitiske prioriteringar, mobilisere aktørane og samordne offentleg innsats og verkemiddel i fylket. God kjennskap til regionale styrkar og fortrinn er eit viktig utgangspunkt for den regionale

planlegginga, og gjev grunnlag for verdiskapande samarbeid mellom offentleg sektor, forskning og næringsliv. Smart spesialisering kan vere ein eigna metode til samarbeid om å utforske og utvikle nye nisjar for næringsutvikling der regionen kan bli konkurransedyktig.

Fleire av dei eksisterande og nye, grønne næringane krev store areal, nettkapasitet og mykje energi. Nye arbeidsplassar kan også gje behov for fleire bustader, betre infrastruktur og arealkrevjande støttefunksjonar. Fylkeskommunane kan bidra til eit godt vurderingsgrunnlag ved å utarbeide regionale analysar av tilgangen til og behovet for areal til dei aktuelle føremåla, i lys av realistisk tilgang på energi. Ein viktig dimensjon for planlegging av areal til ny næringsutvikling skal vere samfunnsøkonomisk lønsemd, både i kommunen og fylket, og verknadene for klima og miljø. Regionale planar kan vere eit godt verktøy for å sjå næringsareal i samheng med blant anna energibehovet, kraftproduksjonen og kapasiteten i kraftnettet og annan infrastruktur. Regionale vurderingar og avvegingar vil kunne bidra til å redusere konflikhtar, vurdere areal- og energibehova på tvers av kommunegrensene og styrkje utviklinga i regionen.

Kommunal planlegging er avgjerande for å sikre attraktive næringsareal for industrien og dei lang-siktige arealbehova for mineral- og akvakulturnæringane. Heilskaplege arealplanar er nødvendig for å få til gode avvegingar mellom ulike interesser, slik at det også blir teke tilstrekkeleg omsyn til klima, jordvern, natur, kulturmiljø, helse, landskap, lokalsamfunn, samferdsel, samiske interesser og tradisjonelle næringar som fiske og reindrift. Kommunane kan redusere dei negative konsekvensane av ny utbygging ved å vurdere gjenbruk og meir effektiv utnytting av eksisterande næringsareal og infrastruktur før ein tek nye areal i bruk.

Regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å sikre at verdifulle mineralførekomstar, som kan gje framtidig verdiskaping, ikkje blir bygde ned. I planar for uttak av mineralske ressursar er det nødvendig å sikre føreseielege rammer for investering, miljømessig forsvarleg

handtering av avgangsmassar, opprydding og andre miljøfaglege forhold.

Kystsona er under aukande press, og oppdaterte planar er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa. Lokalisering av nye område for akvakultur må vurderast i eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Interkommunale kystsoneplanar er eit eigna verkemiddel for å leggje til rette for ei god plassering av akvakulturområde, og det er viktig at ny kunnskap om miljømessige konsekvensar blir vurdert. Når planane omfattar sjøsamiske område, skal det takast omsyn til samiske interesser, medrekna kyst- og fjordfisket, viktige gyteområde og tradisjonelle fiskeområde.

## 4.2 Tilgang på kompetanse, arbeidskraft og gode tenester

God tilgang på tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft er ein føresetnad for innovasjon, omstilling og verdiskaping. Både offentleg og privat sektor har i dag utfordringar med å få tak i nok og kompetent arbeidskraft. Dette gjeld særleg i mindre sentrale delar av landet. Det er også skilnader i tilgangen på utdanningstilbod og kompetansehevande tilbod mellom distrikta og meir sentrale område.

Fylkeskommunen har ansvar for å bidra til best mogleg samsvar mellom etterspørsel etter arbeidskraft og tilbod om utdanning og kompetanse i regionen. Det er derfor viktig at fylkeskommunen tek eit heilskapleg ansvar for kompetanse- og utdanningspolitikken i fylket. Regionale planar og kompetansepartnarskap, basert på kunnskap om lokale og regionale kompetansebehov, er gode verktøy for å samordne innsatsen.

Menneske har ulike preferansar, og ein god balanse i utviklinga av både små og store stader vil derfor vere viktig for attraktiviteten og styrken til ein region. Attraktive byar og tettstader med levande sentrum kan vere eit konkurransefortrinn for ein region, fordi det kan bidra til å tiltrekke arbeidskraft og syte for at tilflytta arbeidskraft blir buande. Den regionale planlegginga kan bidra til at desse fortrinna kjem heile regionen til gode.

## 4.3 God infrastruktur som grunnlag for verdiskaping

Næringslivet er avhengig av god infrastruktur og effektive logistikknutepunkt, som godsterminalar, farleier for skipstrafikken og hamner. Det er viktig å sjå lokalisering av logistikknutepunkt i eit regionalt perspektiv og at eigna og tilstrekkelege areal blir avklarte i samarbeid mellom kommunar og statlege fagstyresmakter. Overgangen til utsleppsfri næringstransport krev utbygging av ladestasjonar og påfyllingsstasjonar.

Fylkeskommunane har ansvar for fylkesvegnettet og for kollektivtransport på land og sjø. Det regionale transportsystemet utfyller nasjonal infrastruktur og er avgjerande for næringsverksemd, tilgang på tenester og busetjing. Fylkeskommunane bør leggje til rette for bruk av utsleppsfri og annan ny teknologi i transportsektoren, samtidig som det blir lagt til rette for kollektivtransport, syklande og gåande. Dette bidreg til betre kapasitetsutnytting, auka trafikktryggleik, lågare utslepp og betre tilbod til reisande.

Fylkeskommunane har ei viktig oppgåve i å bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale planprosessar for samferdsel. For å få gode prosessar og auke samfunnsnytta i statlege samferdselsprosjekt, er det viktig at fylkeskommunar og kommunar er tydelege på sine behov og prioriteringar tidleg i planlegginga. I arbeidet med konseptvalutgreiingar for store statlege investeringar, skal fylkeskommunen og kommunane involverast i arbeidet med å fastsetje samfunns mål.

Tilgang til mobilnett og breiband med høg kapasitet er eit nasjonalt mål, og er eit viktig rammevilkår for busetjing, næringsliv og arbeidsliv i heile landet. Vidare utbygging av den digitale infrastrukturen (breiband, mobilnett og datasenter) må sjåast i samanheng med arealplanlegging, busetjing, næringsutvikling og bruk av ulike digitale løysingar for å leggje til rette for auka verdiskaping. Det er viktig at fylkeskommunen tek ei aktiv rolle for å bidra til at alle får tilgang på høghastighets breiband og mobilnett.



#### 4.4 Tilrettelegging for natur- og kulturbasert næringsliv

Natur- og kulturbaserte næringer som landbruk, reiseliv, fiskeri og reindrift er viktige for verdiskaping, arbeidsplassar og busetjing i store delar av landet. Langsiktig og føreseieleg planlegging og forvaltning av areala, som tek omsyn til eit klima i endring, er avgjerande for framtida til desse næringane. Vidare utvikling av næringane, ut frå stadeigne forhold, er aktuelle tema i regional og kommunal planlegging.

Primærnæringer som jordbruk, skogbruk, reindrift og fiskeri er grønne næringer, som produserer på fornybare og evigvarande ressursar dersom dei blir forvalta riktig. Produksjonen skal utviklast i ei meir berekraftig retning ved at næringane tek nye grep for å redusere utslepp, omstille i ei meir miljøvenleg retning og ved i endå større grad å ta vare på naturmangfald.

Skogbruk og produksjon av produkt basert på trevirke er viktig i store delar av landet. Berekraftig forvaltning av skogen har positive klimagevinstar, bevarer naturmangfaldet og kan bidra til arbeidsplassar og verdiskaping i distrikta. Trebaserte produkt er viktige i det grønne skiftet. Fylkeskommunane og kommunane kan i planlegginga leggje til rette for nye berekraftige næringer i tilknytning til jordbruk og skogbruk.

Langsiktig og føreseieleg samfunns- og arealplanlegging er avgjerande for å sikre natur- og kulturgrunnlaget for samiske lokalsamfunn og viktige samiske næringer som reindrift, fiskeri og tradisjonell utmarksbruk. Samisk utmarksbruk – meachásteapmi – byggjer på tradisjon og kunnskap om utnytting av tilgjengelege ressursar for livsopphaldet, og er ein viktig del av det samiske kulturgrunnlaget.

Samisk reindrift har eit spesielt folkerettsleg vern, og styresmaktene på alle nivå er forplikta til å sikre eit tilstrekkeleg arealgrunnlag for reindriften. FN-konvensjonen om sosiale og politiske rettar artikkel 27 inneber at det ikkje kan gjerast inngrep i reindriftsområde dersom inngrepet, sett i samanheng med tidlegare og planlagde inngrep,

fører til vesentlege negative konsekvensar for moglegheita for samisk kulturutøving. Det er derfor viktig at planlegginga byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag, og at ikkje utbygging og annan aktivitet gjer at reindriftsareala i for stor grad blir reduserte, fragmenterte eller gjorde utilgjengelege. Det må også takast omsyn til at reindriften har behov for tilgang på ulike type beiteområde for å ha tilstrekkeleg fleksibilitet i møte med skiftande vêrforhold og konsekvensane av klimaendringar. Fylkeskommunane innanfor det samiske reibeiteområdet bør vurdere å utarbeide regionale planar for reindrift for å sjå areala i samanheng på tvers av kommunegrensene.

Reiselivsnæringa omfattar både masseturisme og meir tilpassa opplevingar for mindre grupper. Natur- og kulturbaserte reiseopplevingar kan bidra til å auke attraktiviteten, utvide sesongen og auke lønsemda i kultursektoren og i reiselivsnæringa. Nasjonalparkkommunane har spesielle føresetnader for å utnytte verdiskapingsutsikter gjennom god planlegging av arealbruk og tilrettelegging i randsonene til nasjonalparkane. Fritidsbusetnad har mykje å seie for næringsutviklinga i mange distriktskommunar.

Regionale og kommunale planar er gode verktøy for å avklare rammer og lokalisering av reiselivstiltak og ny fritidsbusetnad. For å leggje til rette for ei berekraftig reisemålsutvikling, der ein avveg ulike samfunnsomsyn, er det viktig at strategiar og hovudprioriteringar for reisemålsutviklinga blir forankra i samfunnsdelen og arealdelen i kommunepleanen og gjennom god medverknad frå alle interessentar og aktørar. Dette er blant anna viktig for å sikre at omfang og lokalisering av utbygging og tilrettelegging for aktivitetar og ferdsel tek omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturmiljø, landbruk, reindrift og opplevingskvalitetar.

#### 4.5 Verdiskaping i ein sirkulær økonomi

Meir sirkulære løysingar og betre ressursutnytting er nødvendig for å få til ei meir berekraftig utvikling i Noreg. I ein sirkulær økonomi utnyttar ein ressursar og produkt effektivt og så lenge som mogleg, i krinslaup der minst mogleg ressurs-



sar går tapt. Dette erstattar uttak av, og produksjon med, nye ressursar. Langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursar og effektiv arealbruk er viktig for å redusere forbruk, klimagassutslepp og tap av natur og kulturmiljø.

Sirkulær økonomi gjev rom for utvikling av nye verksemdar og arbeidsplassar i heile landet, og fylkeskommunane og kommunane kan leggje til rette for dette gjennom samfunns- og arealplanlegginga, verksemdsutøvinga og som pådrivarar for næringsutvikling. Kommunane har ei sentral rolle i omstillinga gjennom forvaltninga av eigne areal, infrastruktur og eigedomar, i utforminga av avfallstenester, lokalisering og tilrettelegging av avfallsbehandling og ved å leggje til rette for ombruk av eksisterande bygningar og anlegg og auka materialgjenvinning. Fylkeskommunar og

kommunar kan også påverke forbruket ved å stille klima- og miljøkrav innanfor regelverket for offentlege anskaffingar.

Gjenbruk av overskotsmassar og andre mineraliske ressursar av god kvalitet er eit viktig steg mot ein sirkulærøkonomisk bygg- og anleggsbransje. Gjenbruk kan redusere arealbehovet og kostnader og utslepp knytte til transport, avgrensedeponering av massar på land og i sjø, og bidra til at grus- og pukkrressursane varer lenger. Det er viktig at uttak av nytt byggjeråstoff og areal til mellomlagring og deponering av overskotsmassar blir sett i samanheng og avklart i regionale og kommunale planar. I alle planar for større utbyggingar er det viktig at ein prøver å oppnå massebalanse for å unngå overskotsmassar.



## Regjeringa sine forventningar

31. Det blir lagt til rette for grøn omstilling, berekraftig verdiskaping og lønsame arbeidsplassar i heile landet.
32. Det blir lagt til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn.
33. Det blir lagt til rette for meir effektiv og fleksibel energibruk.
34. Det blir lagt til rette for tilstrekkelege næringsareal med minst mogleg negative konsekvensar for klima, miljø og samfunn. Næringsareal blir planlagde med eit regionalt perspektiv, og energibruk, krafttilgang, gjenbruk og meir effektiv utnytting av eksisterande næringsareal og infrastruktur er med i planvurderingane.
35. Det blir sett av tilstrekkelege og eigna nye areal for akvakultur gjennom oppdaterte regionale og kommunale planar for kystområda, som også kan omfatte utvikling av akvakultur utanfor kysten og landbasert akvakultur. Planane varetek miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.
36. Fylkeskommunane tek eit heilskapleg ansvar for kompetansepolitikken og utvikling av kompetanseplanar som bidreg til at regionen får tilgang på den kompetansen som arbeidsmarknaden etterspør.
37. Det blir lagt til rette for vidare utvikling av hamner og sjøtransport, og lokalisering og nødvendige areal blir vurderte i eit regionalt perspektiv.
38. Fylkeskommunane tek ei samordnande rolle for samferdselsplanlegging i regionen, og gjev innspel til konseptvalutgreiingar for store statlege samferdselstiltak.
39. Framføring av mobil- og breibandsnett blir sikra gjennom bruk av eksisterande føringsvegar så langt det lèt seg gjere, og gjennom å tillate innplassering av sendestasjonar for mobilkommunikasjon på offentlege bygg.
40. Naturgrunnlaget for samisk kultur og næringsutvikling blir vektlagt, og planlegginga varetek areala til reindrifta i tråd med FN-konvensjonen om sosiale og politiske rettar artikkel 27. I planprosessane blir det sikra eit godt kunnskapsgrunnlag om reindrifta.
41. Det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping og grønne næringar i tilknytning til jord- og skogbruk og i randsonene til dei store verneområda.
42. Fylkeskommunane og kommunane legg gjennom areal- og samfunnsutviklinga og verksemdsutøvinga si til rette for omlegging til ein meir sirkulær økonomi, der ressursar og eksisterande bygningar og anlegg blir brukte lengst mogleg og i større grad brukte om att og oppgraderte.
43. Viktige mineralførekomstar blir sikra i regionale og kommunale planar, og utvinning blir vege mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.
44. Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.




## 5 Klima, natur og miljø for framtida

Parisavtalen om klima og det globale rammeverket for naturmangfald gjev rammer for nasjonal politikk og er sentrale for å kunne nå berekraftsmåla. Langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla er avhengig av at ein varettek mange omsyn samtidig: Vi må halde intakte økosystem ved lag, vareta naturmangfaldet, kulturmiljø og friluftslivsområde og avgrense og tilpasse oss klimaendringane, samtidig som vi sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønsam næringsverksemd.

Regjeringa meiner heilskapleg samfunns- og arealplanlegging må bidra til at ein ser innsatsen for klima og miljø i samanheng og på tvers av sektorane. Viktige tema i regionale og kommunale planar framover vil vere omsyn til naturmangfald, omstilling til eit klimarobust lågut-sleppssamfunn, langsiktige arealvurderingar for å minimere arealtapet av natur og heilskapleg forvaltning av vassressursane.





## 5.1 Heilskapleg planlegging for å nå klima- og miljømåla

Klimaendringane påverkar naturmangfaldet og fører til menneskelege og økonomiske tap. Tiltak for betring av naturmangfaldet er som regel også gunstig for å redusere klimaendringane. Arealendringar av natur som lagrar mykje karbon, medfører auka klimagassutslepp og reduserer moglegheita for framtidig opptak av karbon. Nedbygging er den arealbruksendringa som gjev størst utslepp av klimagassar. Det er nedbygging av skog, særleg på organisk jord, og myr som gjev størst utslepp per arealeining. Nedbygging av natur kan i tillegg gjere at økosystema toler klimaendringane dårlegare, som igjen kan gje auka klimagassutslepp.

Naturen er livsgrunnlaget vårt, og ein føresetnad for utvikling av økonomisk og sosialt berekraftige samfunn. Skog, våtmark og hav utgjer store areal og tek opp og lagrar store mengder klimagassar. Robuste økosystem i best mogleg tilstand bidreg til å dempe effektane av klimaendringane, blant anna ved flaumdemping, vassreinsing og vern mot erosjon, og dei toler klimaendringane betre enn sårbare økosystem. FN's naturpanel har slege fast at dyr, plantar og økosystem blir utrydda i eit høgare tempo enn nokon gong. Den globale miljøpåverknaden er no så omfattande at evna naturen har til å dekkje grunnleggjande behov som reint vatn, rein luft og stabil tilgang til mat i framtida, er drastisk redusert. Bevaring og restaurering av naturen er derfor ei nasjonal interesse.

Arealplanlegginga i kommunane er avgjerande for at Noreg skal kunne redusere utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030. Over 80 prosent av arealet i landet blir forvalta gjennom plan- og bygningslova, i hovudsak gjennom kommunal planlegging. Lova er grunnlag for dei fleste

avgjerder om arealbruk, og gjev styresmaktene fullmakter til å vege ulike samfunnsinteresser opp mot kvarandre og til å avgjere kva interesser som skal prioriterast i den einskilde saka. Korleis dette ansvaret blir forvalta, er sentralt for Noreg sitt bidrag til å nå berekraftsmåla og dei nasjonale klima- og miljømåla.

Ved revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør kommunen vurdere om tidlegare vedteken arealbruk svarer til dei forventna behova i dag og i framtida. Det er då viktig at kommunen vurderer å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareal som ikkje lenger er like aktuelle. Det er viktig at fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før det blir sett av nye utbyggingsområde.

## 5.2 Førebyggje klimagassutslepp og sikre moglegheita for karbonopptak

I perioden 1990–2021 har norske klimagassutslepp gått ned med 4,7 prosent. Målet om å kutte utsleppa med minst 55 prosent innan 2030 og 90–95 prosent innan 2050, krev ei omfattande samfunnsomstilling som vedkjem alle sektorar. Det er viktig at planlegginga bidreg til ei heilskapleg og godt forankra omstilling til lågutsleppssamfunnet. Konsekvensutgreiingar og arealrekneskap gjev viktig kunnskap for å vurdere klimaverknaden av planforslag.

Regional og kommunal planlegging påverkar både kor mykje areal som blir bygd ned og transportbehovet. God planlegging kan bidra til å leggje til rette for energisparing, energieffektivisering, meir fleksibel energibruk og auka elektrifisering med fornybar kraft, blant anna i bygg-, anleggs- og egedomssektoren og transportsektoren. God planlegging kan også leggje til rette for at nokre reiser kan unngåast og at reiser i staden kan takast med mindre energikrevjande transportformer som kollektivtrafikk, sykkel og gåing.

Det er viktig for Noreg si evne til å oppfylle natur- og klimamåla at fylkeskommunane og kommunane bruker planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal som skog og myr, men også



jordbruksjord (særleg beitemark). Dette inneber blant anna å ta i bruk moglegheitene til fortetting, gjenbruk og transformasjon av alt utbygde areal, før jordbruksareal, viktige natur- og friluftslivsareal og karbonrike areal som myr, skog og annan næringsrik jord blir omdisponerte.

Ein aktiv og berekraftig skogpolitikk er eit anna konkret og rimeleg klimatiltak, som regjeringa vil satse på. Skog i vekst tek opp CO<sub>2</sub>, og aktiv skogskjøtsel, med foryngingshogst, planting, gjødsling og ungskogpleie, kan bidra til store opptak av klimagassar, dersom materiala erstattar byggeomaterialar med større utslepp. Det er viktig at ein ser klima- og miljøeffektar av skogtiltak i samanheng for å sikre ei berekraftig forvaltning av norsk skog. Gode avvegingar mellom aktivitet og miljøomsyn, mellom natur og klima og mellom bruk og bevaring skal stå sentralt i ein berekraftig skogpolitikk.

Fylkeskommunane og kommunane har som planstyresmakter gode verktøy for å sikre ein effektiv arealbruk, god mobilitet for innbyggjarane og reduserte klimagassutslepp. Ved å fortette og transformere utbygde område, og gjenbruke og vedlikehalde eksisterande bygg, kan klimagassutsleppa frå nybygging reduserast og naturområde og matjord takast vare på, samtidig som ein sikrar viktige stadskvalitetar, naturmangfald og kulturmiljø. I planlegginga bør det prioriterast å leggje til rette for eit utbyggingsmønster som avgrensar transportbehovet, gjev grunnlag for eit godt kollektivtransporttilbod og som gjer sykling og gåing trygt og attraktivt.

Korleis byane og tettstadene skal avgrensast, er eit viktig spørsmål i kommunale planar. Den store variasjonen i norske kommunar gjer at utbyggingsmønster må tilpassast lokale forhold. I arealdelen i kommuneplanen er det rom for å differensiere arealbruken ut frå regionale og lokale føresetnader og grad av utbyggingspress, i tråd med statlege planretningslinjer og rundskriv.

Det er samtidig viktig å byggje for framtida, blant anna ved å ta høgde for at person- og varetransporten i stadig større grad bruker nullutslepps-

teknologi, sikre tilstrekkeleg ladeinfrastruktur og leggje til rette for meir effektiv og fleksibel energibruk for å dempe behovet for nettutbygging og ny kraftproduksjon. Det er også viktig å sikre at dei som skal forvalte dei fornybare ressursane, og industrien knytt til det grønne skiftet, kan bu og leve i nærleiken av der desse er lokaliserte. Derfor er det viktig å tilpasse utbygginga til dei lokale og regionale forholda.

### 5.3 Ta vare på naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø

Naturmangfald går tapt som følge av blant anna arealinngrep, arealbruksendringar, forureining og klimaendringar. Naturindeks for Noreg 2020 viser at tilstanden til økosystema på land og i ferskvatn blir sterkt påverka av arealbruk og fysiske inngrep, medan klimaendringar og hausting er sterkare påverknadsfaktorar i sjø- og havområda. Det er den samla belastninga som avgjer kor utsette artar og naturtypar er, og klimaendringane forsterkar den negative utviklinga. God og langsiktig arealforvaltning er nødvendig for å nå berekraftsmåla og innfri internasjonale forpliktingar for klima og naturmangfald. Pollinerande insekt spelar ei viktig rolle for økosystem og landbruket, og det er viktig at leveområda deira blir tekne vare på.

Regional og kommunal planlegging er viktig både for å ta vare på natur og for å leggje til rette for berekraftig verdiskaping basert på natur- og kulturressursane. Heilskapleg og langsiktig planlegging er nødvendig for å unngå negativ påverknad på naturmangfaldet og friluftslivsinteresser frå bitvis nedbygging og for å vareta kulturmiljøet. Det er viktig at verdsarverdiane blir varetakne etter forpliktingane i verdsarvkonvensjonen, og at omsynet til verdsarverdiane blir sikra gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging.

Oppdatert kunnskap om naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga, og planprosessane kan bidra til å identifisere viktig naturmangfald, økologiske samanhengar og viktige funksjonsområde på land og i sjø. Erfaringsbasert kunnskap frå næringar som lever av naturen, må vere ein del av dette kunnskapsgrunnlaget. Eit systema-



tisk arbeid med naturmangfald i planlegginga vil bidra til langsiktig varetaking av verdifulle naturområde, og kan avdekkje behovet for ytterlegare kunnskap. Ein tematisk kommunedelplan for naturmangfald kan vere eit ledd i eit slikt arbeid. På same måte er det viktig å ha god kunnskap om landskapet og friluftslivsområda i kommunen. Samarbeid over fylkes- og kommunegrensar kan også styrkje grunnlaget for ei meir langsiktig planlegging.

Vi har i dag meir enn 445 000 fritidsbustader, og talet har auka jamt dei siste 20 åra. Fritidsbusetnad utgjer eit viktig næringsgrunnlag i mange kommunar. Samtidig kan vidare utbygging i mange tilfelle ha negative konsekvensar for natur-

mangfald, friluftsliv, klimagassutslepp, landskap og kulturmiljø, og føre til konflikt med landbruk, reindrift og andre næringar. Gjennom god planlegging kan fritidsbusetnad vurderast i eit regionalt perspektiv, og arealbeslaget avgrensast. Ny utbygging bør skje i tilknytning til eksisterande byggeområde og infrastruktur og tilpassast bygningar, landskap og terreng. Det er viktig å unngå ny, omfattande fritidsutbygging i viktige landbruks-, natur-, friluftslivs- og reindriftsområde og utbygging på myr. I fjellområda er det særleg viktig å ta vare på større, samanhengande område utan bygningar, og ikkje leggje til rette for ny fritidsutbygging i og over skoggrensa. Samanhengande grønstrukturar og naturlege trekkvegar og flyttleier for rein må sikrast.

Strandsona langs sjøen og langs vatn og vassdrag er viktig for naturmangfald, friluftsliv, næringsliv og busetnad. Strandsona er også mange stader rik på kulturminne og gjev særpreg og identitet til lokalsamfunna. I delar av landet er strandsona langs sjøen under stort utbyggingspress, samtidig som store delar av strandsona er lite tilgjengeleg. Det er viktig at statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen blir lagde til grunn for planlegginga, og at ein unngår bitvis nedbygging gjennom dispensasjonar. I område med lite utbyggingspress og mykje tilgjengeleg strandsone, i sone 3 i retningslinjene, vil det i større grad vere mogleg å leggje til rette for ny utbygging som bidreg til næringsutvikling og arbeidsplassar. Ei differensiering av arealbruken skal skje gjennom den overordna planlegginga i kommunane, der det både blir vurdert behov for areal til ulike utbyggingsføremål og areal som skal skjermast for nye inngrep.

Villreinen er ein viktig del av norsk natur og kultur. Nesten heile den europeiske bestanden lever i Noreg, og vi har derfor eit særleg forvaltingsansvar for arten. Villreinen er no klassifisert som nær trua i den nasjonale raudlista. 6 av dei 10 nasjonale villreinområda er vurderte å ha dårleg kvalitet, og ingen av områda er vurderte å ha god kvalitet. Det er derfor nødvendig med effektive og målretta tiltak for å sikre villreinen og villreinen sine leveområde. Det er viktig at fylkeskommunane og kommunane legg stor vekt på resultatata frå klassifiseringa av villreinområda og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmåla for dei nasjonale villreinområda. Dei regionale planane for fjellområda med villrein er eit viktig verktøy for å få til dette.

## 5.4 Reine og rike vatn og vassdrag

Vassdraga blir forvalta blant anna gjennom regionale vassforvaltingsplanar, der kommunane er sentrale bidragsytarar gjennom dei lokale vassområda. Målet er ei samordna forvaltning av vassressursar på alle nivå, som sikrar varetaking og gjenoppretting av vassførekomstane, som elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Arealplanlegginga skal bidra til god tilstand i norske vassførekomstar, i tråd med dei regionale vassforvaltingsplanane. Planlegginga må ta omsyn til arealbruken i heile nedbørfeltet, inkludert kystnære sjøområde. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag blir lagde til grunn for planlegginga.

Tilstanden i vassmiljøet blir blant anna påverka av utslepp frå avløp, industri og bustadområde, landbruk, akvakultur og byggjetiltak. Vassforskrifta og forureiningsregelverket skal hindre forureining og bidra til betre vassmiljø, og det er viktig at kommunane bruker verkemidla sine aktivt i arealplanlegginga. Tilstanden for livet i Oslofjorden er svært alvorleg, og det er utarbeidd ein heilskapleg tiltaksplan for å betre miljøtilstanden. Kommunane i nedbørsfeltet for Oslofjorden har ansvar for gjennomføring av mange av tiltaka i planen.

I heile landet er det eit stort etterslep på nødvendig vedlikehald og utbygging av avløpsnett og reinsekapasitet for avløp. Kommunane må sjå ansvaret for avløp og planlegging etter plan- og bygningslova i samanheng. Dette er viktig for å sikre tilkopling og tilstrekkeleg reinsekapasitet før nye utbyggingar blir sette i gang. Arealplanlegging er nødvendig for å sikre at overvatn blir vurdert og handtert på ein heilskapleg måte. Gjenopning av lukka vassdrag og separering av overvatn og avløpsvatn bør vurderast løpande.



## Regjeringa sine forventningar

45. Omstillinga til lågutsleppssamfunnet og bidrag til oppnåing av klima- og miljømåla blir prioritert gjennom arealplanlegging som reduserer utslepp, arealbeslag og transportbehov. Regjeringa oppfordrar kommunane til å setje seg mål for å redusere nedbygginga.
46. Det blir lagt til rette for energieffektivisering og fleksibel energibruk i næringsliv, hushaldningar og offentlege bygg.
47. Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster.
48. Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevassump og andre typar våtmark og skog, blir så langt som råd unngått, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og optak av karbon.
49. Fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tekne i bruk.
50. Regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og overordna transportløyningar blir fastsette i regionale eller interkommunale areal- og transportplanar. Planane tek omsyn til regionale og lokale føresetnader og utbyggingspress.
51. Klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy blir redusert ved å leggje til rette for kollektivtransport, sykkel og gåing, effektiv arealbruk og avgrensa sentrumsområde og tettstader.
52. Det blir lagt til rette for ein god ladeinfrastruktur, blant anna ved å avsetje tilstrekkelege areal til etablering av hurtiglading for både lette og tunge køyretøy.
53. Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagd arealbruk blir lagd vekt på.
54. Omsynet til verdsarverdiane blir sikra gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging.
55. Arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag blir vurdert i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det blir lagt til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona.
56. Regionale og kommunale planar legg til rette for ei berekraftig utvikling i fjell og utmark. Utbygginga blir avgrensa mot samanhengande natur- og friluftslivsområde og viktige område for landbruk, reindrift og andre næringar, blant anna gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.
57. Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress. Ein bør unngå ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa og på myr.
58. Leveområda til villreinen blir sikra, og vedtekne regionale planar for villrein fjella blir oppdaterte i samsvar med ny kunnskap og følgde opp i den kommunale planlegginga.
59. Kommunane bidreg til gode miljøforhold i og langs vassdraga gjennom deltaking i arbeidet med vassområda, gjennomføring av miljøtiltak og god arealforvaltning. Bruks- og verneverdiane i vassdraga blir sikra i planlegginga, og ein reduserer nedbygging av vassdragsnatur og utfylling i vassdrag.
60. Planlegginga bidreg til å sikre naturverdiar og god miljøtilstand i vatn, blant anna ved å unngå å planleggje for byggjetiltak i våtmark når det finst gode alternativ.
61. Samfunns- og arealplanlegginga blir samordna med planlegging av vassforsyning og avløp, medrekna overvasshandtering og vurdering av naturbaserte løysingar.
62. Fylkeskommunane og kommunane i nedbørsfeltet for Oslofjorden følgjer opp heilskapleg tiltaksplan for ein rein og rik Oslofjord i arealplanlegginga.



## 6 Samfunnstryggleik og beredskap

Sikre og oversiktlege lokalsamfunn er den viktigaste ramma for at vi alle skal ha ein trygg kvardag. Fylkeskommunane og kommunane kan som planstyresmakter bidra til dette ved å leggje til rette for at ny utbygging er trygg mot naturfarar no og i framtidsklimaet, og mot ulykker og annan samfunnsrisiko. Dette sikrar ein best gjennom tverrfagleg og heilskapleg arbeid med samfunns-

og arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar. Samfunnet er avhengig av at planlegginga sikrar areal for matproduksjon og bidreg til tilgang til reint og tilstrekkeleg drikkevatt, kraftforsyning og kommunikasjon. God beredskap er også avhengig av at ein sikrar Forsvaret sine arealbehov.



## 6.1 Naturfarar og klimatilpassing

Risikoen for skadelege naturhendingar aukar som følgje av klimaendringane, og god arealplanlegging er eit viktig verktøy for å redusere desse konsekvensane. Høgare temperaturar medfører auka nedbør, der ein større del kjem som regn i staden for snø. Periodar med styrtregn vil kome hyppigare. Det aukar sannsynet for blant anna flaum og skred. Issmelting og oppvarming av havet fører til at havnivået stig langs norskekysten. Klimaendringane vil ha konsekvensar for nær sagt alle sektorar og samfunnsområde. Konsekvensane av klimaendringane fører alt no til øydelegging for menneske og natur, og er stadig tydelegare og meir til å føle på. I arktiske strøk merkar ein konsekvensane av klimaendringane mykje alt no.

For at tilpassinga til eit endra klima skal gå raskt nok, må planlegginga ta større omsyn til klimaendringane. Når konsekvensane av klimaendringar blir vurderte i planlegginga, skal dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivningar, og eit tilstrekkeleg langt tidsperspektiv, leggjast til grunn. Dei fylkesvise klimaprofilane gjev ei god oversikt over framskrivningar og forventa utfordringar, og er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i planlegginga. Kunnskapsbasert arealplanlegging med brei involvering er nødvendig for å auke takta i klimatilpassingsarbeidet, og for å førebyggje skadar frå flaum, skred, havnivåstigning, stormflod, erosjon og overvatn.

Ved planlegging av ny utbygging bør det veljast område med gode og stabile grunnforhold, også i lys av klimaendringane. Dersom det er høg risiko for fare eller ulempe som følgje av naturforhold eller tidlegare inngrep i terreng og vassløp, bør alternative utbyggingsområde vurderast. Dette kan medføre at det nokre stader bør planleggjast og byggjast ut i heilt andre område enn ein tradisjonelt har bygd ut.

Ved planlegging og gjennomføring av ny utbygging er det viktig at ein unngår utfylling i vassdrag og at det blir teke omsyn til den naturlege fordrøyinga av vatnet, blant anna for å gjere samfunnet mindre sårbart ved flaum og tørke. Våtmarker, kantsoner langs vassdrag, myrer og skog er verdifulle økosystem som kan bidra til å dempe flaum og negative effektar av klimaendringane. Ved utarbeiding av arealplanar er det viktig at bevaring og restaurering av natur, og eventuelt etablering av nye naturbaserte løysingar, blir vurderte som klimatilpassingstiltak. Dersom ein vel andre løysingar for klimatilpassing, skal det grunnjevast kvifor naturbaserte løysingar er valde bort.

Omsynet til flaum og overvatn er særleg viktig i fortettings- og transformasjonsprosjekt, der opning av bekkar, trygge flaumvegar, fleire grøne område som drenerer vatn, grøne tak, kunstige bekkar og basseng kan bidra til klimatilpassing. I område der det kan vere kvikkleire, er det også svært viktig at ein tek omsyn til risikoen for kvikkleireskred når det blir vurdert om området er eigna for utbygging og kva sikringstiltak som eventuelt bør gjennomførast.

## 6.2 Forsvaret sine arealbehov

Forsvarspolitikken blir påverka av den tryggingsspolitiske situasjonen, den teknologiske og økonomiske utviklinga og av klimaendringar. Forsvaret, og evna til alliert mottak og sivil beredskap, skal derfor forsterkast. Forsvaret sin basestruktur vil bli påverka av nasjonale og allierte forsvarsplanar, og evna til mottak av alliert utstyr og personell kan vere avhengig av areal også utanfor eksisterande militære anlegg. Samtidig skal Forsvaret sine skyte- og øvingsfelt vidareutviklast for å imøtekomme nye behov og krav, og for å kunne leggje betre til rette for øving og trening mellom utanlandske og norske avdelingar. Det er avgjerande at Forsvaret sine arealbehov knytte til militære anlegg og skyte- og øvingsfelt blir varette i planlegginga som ledd i utviklinga av eit moderne og førebudd totalforsvar.



### 6.3 Vern av dyrka jord

Regjeringa har som mål å auke den norske sjølvforsyningsgraden av mat. Planlegginga må bidra til å leggje til rette for at vi kan produsere så mykje mat som mogleg i vårt eige land. På grunn av topografiske og klimatiske forhold har vi lite dyrka jord, og kornarealet per innbyggjar er lågare enn gjennomsnittet i Europa. Av omsyn til beredskap og moglegheitene for matproduksjon, er det nødvendig å ta vare på jordressursane over heile landet og sikre at jorda blir halden i drift. Bevaring av dyrka jord er derfor ei nasjonal interesse. Omdisponering av dyrka jord skal redusere, og arealplanlegginga skal bidra til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i samsvar med ny jordvernstrategi frå 2023.

Det er viktig at fylkeskommunane og kommunane følgjer opp den nasjonale jordvernstrategien, slik at utbyggingsbehov blir betre balansert mot det langsiktige omsynet til innanlands matproduksjon. Særleg i pressområde er det viktig å praktisere eit strengt jordvern for å hindre at viktige jordbruksareal blir bygde ned. I spreiddbygde område er det i tillegg viktig å leggje til rette for utvikling i bygdene og generasjonsskifte i jordbruket, slik at ein sikrar grunnlaget for busetting og jordbruksproduksjon. Målet er eit busetjingsmønster og tenestetilbod som gjer det attraktivt å bu i bygdene i ulike livsfasar, særleg når unge skal etablere seg. For å halde norsk matproduksjon ved lag, er det viktig å syte for busetjing i tilknytning til landbruksareal, og som bidreg til at neste generasjon driv jorda vidare. Det kan til dømes gjerast ved å setje av aktuelle område til spreidd bustadbygging i arealdelen i kommuneplanen.

Dei beste jordbruksareala ligg ofte der utbyggingspresset er størst. Samtidig har tettstadsnære jordbruksareal stor beredskapsmessig verdi. Ein effektiv arealbruk med god utnytting av areal som alt er bygd på, vil kunne bidra til å redusere behovet for å byggje ned dyrka jord. Det er viktig at potensialet for fortetting og transformasjon blir utnytta der alternativet er utbygging på dyrka jord.

Ved planrevisjonar er det viktig å vurdere om areal som tidlegare har vorte sett av til føremål som inneber omdisponering av dyrka jord, men som enno ikkje er utbygd, skal tilbakeførast til landbruks-, natur-, friluftsføremål og reindriftsføremål. Moglegheitene for å vareta dyrka jord heng også saman med det regionale utbyggings- og transportmønsteret. Jordvernomsyn er derfor eit viktig tema i den regionale planlegginga, til dømes ved at det blir utarbeidd ein regional jordvernstrategi.

### 6.4 Reint og trygt drikkevatt

Kommunane har ansvar for å sikre hushaldningane og næringslivet tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt. Dette er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn. Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning og avløp, er derfor ein viktig del av kommunale planar. Vassførekomst som blir brukte til vassforsyning, må vernast mot forureining med omsynssoner med tilhøyrande planføresegner. Dette kan også bidra til å redusere behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt.

Ei robust vassforsyning er avgjerande for samfunnstryggleiken. Det kommunale leidningsnett er generelt i dårleg forfatning, lekkasjegraden er høg og fornyingsgraden av leidningsnett er ikkje tilstrekkeleg til å unngå aukande forfall. Det medfører fare for forureining av drikkevatt og leveringssvikt. Det er derfor viktig at ein ser den kommunale sektor- og arealplanlegginga i samanheng og bidreg til å løyse desse utfordringane.

### 6.5 Risiko- og sårbarheitsanalysar som grunnlag for betre planar

Samfunnstryggleik i arealplanlegginga inneber å skaffe oversikt og kunnskap om risiko og sårbarheit som kan true eller ramme verdiar i samfunnet, og ta omsyn til dette i planane. Det er viktig at arealplanlegginga tek omsyn til at samfunnet skal ha kapasitet og evne til å beskytte innbyggjarar og samfunn ved uønskte hendingar. Risiko- og sårbarheitsanalysar skal gje grunnlag for at planlegginga kan førebyggje risiko for skade og tap av liv, helse og viktig infrastruktur, førebyggje tap av kritiske samfunnsfunksjonar og tenester, og



vareta kapasitet til å beskytte heile folkesetnaden. Det er viktig å ta omsyn til grupper som er særleg utsette ved eventuelle kriser.

Akseptabel risiko er risiko som blir akseptert i ein gjeven samanheng basert på gjeldande verdiar i samfunnet. Kva som er akseptabelt, kan endrast over tid og variere mellom område. For nokre tema er det fastsett ein akseptabel risiko i lov eller forskrift. For andre risikomoment vil grensa mellom akseptabel og uakseptabel risiko måtte fastsetjast i planen, til dømes som omsynssoner med føresegner. Kommunen som planstyresmakt må aktivt ta stilling til kva risiko som kan akseptereast i planen.

Risiko- og sårbarheitsanalysar er nødvendig for at kommunen skal vere kjend med korleis planvedtak vil påverke risiko og sårbarheit, og for å kunne ta stilling til akseptabel risiko. Analysane er eit viktig grunnlag for å belyse naturfarar og verksamdsrisiko og korleis arealbruken bør planleggast for å førebyggje og redusere konsekvensar av alvorlege hendingar. Risiko- og sårbarheitsanalysar gjev blant anna grunnlag for å vurdere trygg lokalisering av storulykkeverksemdar og anlegg med farlege stoff, og for å fastsetje tilstrekkelege omsynssoner rundt desse.

Gjennom kommunal beredskapsplikt skal det gjennomførast ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som eit kunnskapsgrunnlag for kommunen sine samfunnstryggleiksutfordringar. Dette skal følgjast opp med langsiktige mål, strategiar og prioritert oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Dette er også eit viktig grunnlag for arealplanlegginga, og må følgjast opp i dei risiko- og sårbarheitsanalysane som blir utarbeidde til arealplanar. Kunnskap om endringar i risiko og sårbarheit som følgje av ny utbygging gjev også grunnlag for å oppdatere dei heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysane.

Geografisk informasjon gjev innsikt i forhold som kan bidra til å førebyggje framtidige naturfarehendingar og krisesituasjonar. Deling av offentlege data er ein føresetnad for utvikling av samanhengande tenester på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, og tilgang til oppdaterte og lett tilgjengelege geografiske data styrkjer beredskapsevna i akutte situasjonar. Det er viktig at geografisk informasjon blir oppdatert jamleg, delt og er tilgjengeleg for bruk gjennom den nasjonale geografiske infrastrukturen på ein sikker måte.

## Regjeringa sine forventningar

63. Samfunnstryggleik og beredskap blir lagt vekt på i planlegginga. Risiko- og sårbarheitsanalysar byggjer på oppdatert kunnskap og blir lagde til grunn for plan- og byggjesaksbehandlinga.
64. Forsvaret sine arealbehov blir sikra når dette er nødvendig for å vareta forsvarsevna til landet og for å følge opp nasjonale forsvarsplanar.
65. Det blir teke omsyn til eit endra klima i planlegginga, og dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingar, og eit tilstrekkeleg langt tidsperspektiv, blir lagt til grunn når ein vurderer konsekvensar av klimaendringane. Dei fylkesvise klimaprofilane blir nytta.
66. Arealbruk blir planlagd slik at overvatn og fare knytt til flaum, erosjon, skred, havnivåstigning, stormflod og annan naturfare blir forsvarleg handtert.
67. Bevaring og restaurering av naturområde, eller etablering av naturbaserte løysingar, blir vurderte for å tilpasse samfunnet til klimaendringane.
68. Fylkeskommunar og kommunar bidreg til å styrkje jordvernet og at arealforvaltinga bidreg til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i samsvar med ny jordvernstrategi frå 2023, og bidreg til at drifta av jordbruksareala kan haldast ved lag.
69. Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen blir det vurdert om areal som tidlegare har vore sette av til føremål som inneber omdisponering av dyrka jord, skal tilbakeførast til landbruks-, natur-, friluftsf- og reindrifsføremål.
70. For å redusere omdisponeringa av dyrka jord, bør ein jordvernstrategi vurderast utarbeidd som del av den overordna regionale og kommunale planlegginga.
71. Drikkevassforsyninga i kommunen skal vere med i vurderinga av samfunnstryggleik i samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Drikkevasskjelder blir tekne omsyn til og sikra i planlegginga, blant anna for å redusere behovet for vassreinsing.
72. Fylkeskommunar og kommunar oppdaterer og deler geografisk informasjon i den nasjonale geografiske infrastrukturen.









Utgjeve av:  
Kommunal- og distriktsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:  
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjoner er også tilgjengelige på:  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Publikasjonskode: H-2543 N

Design og ombrekking: Melkeveien designkontor

Foto: Colourbox: Forside, sidene 2, 18, 22, 24. Per-Inge Johnsen: s. 4.

Jan Hausken: sidene 7, 9, 12, 33. Bryne kommune: s. 16. Bjørn Casper Horgen: s. 27.

NVE/Petter Våge: s. 30. Ilja Hendel: s. 35 Foto bakside: Vignole Stusdal Normann

Trykk: Aksell AS 06/23 Opplag 3000

